

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Teams
Dato: 07.06.2021
Tidspunkt: 09:00 – 11:00

Eventuelt fråfall må meldast snarast til Kari Sveen eller Eldrid Nedrelo. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| ST 24/2021 | Godkjenning av sakliste og innkalling | | |
| ST 25/2021 | Referatsaker | | |
| RS | Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat frå prosjektgruppemøte 15.04.21 | | 2019/12439 |
| RS | Vedtak i klagesak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS | | 2021/2477 |
| RS | Signert kontrakt - Saksnr. 2021/3711 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Evaluering av forskriftsendring for bruk av el-sykkel | X | 2021/3711 |
| RS | Høyring - frivillig vern av skog for Lykkja - Årdal | | 2021/4348 |
| RS | Utsiktspunkt Vettisfossen - Sti-arbeid Vetti - Vettismorki - Referat frå synfaring 04.06.21 | | 2019/12439 |
| ST 26/2021 | Delegerte vedtak | | |
| 12/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone for kartlegging av berggrunn - Scan Survey | | 2021/5264 |
| 13/2021 | Delegert vedtak - Forlenging av dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2021 - Bruk av snøskuter - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre | | 2021/3018 |
| 14/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av varer og avfall til Avdalen Gard - Stiftinga Avdalen Gard | | 2021/5085 |
| 15/2021 | Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2021-2022 - Snøskutertransport - materialar til gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS | | 2021/5287 |
| 16/2021 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - helikopter - transport av målestaker og annet utstyr - målinger på breer og isfonn - Norges vassdrags- og energidirektorat NVE | | 2021/3694 |
| 17/2021 | Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen Nasjonalpark - Filming med drone - Smørstabbreen og Fanaråkbreen | | 2021/5658 |
| 18/2021 | Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - 2021 - Bruk av helikopter for transport av materialer til Storeselet på Vettismorki - DNT Oslo og Omegn | | 2021/5507 |

| | | |
|------------|---|-----------|
| 19/2021 | Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Snødekt mark - Utkjøring av skiltstativ Besseggen - Vågå Røde Kors | 2021/4538 |
| ST 27/2021 | Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Forvaltningsplan- Opplegg for planrevisjon | 2019/5553 |
| ST 28/2021 | Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 2021/5210 |
| ST 29/2021 | Eventuelt | |

ST 24/2021 Godkjenning av sakliste og innkalling

ST 25/2021 Referatsaker

**Utladalen landskapsvernområde - Utsiktspunkt Vettisfossen - Referat
frå prosjektgruppemøte 15.04.21 2019/12439**

**Vedtak i klagesak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - bruk av drone i
forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS 2021/2477**

**Signert kontrakt - Saksnr. 2021/3711 - Nasjonalparkstyret for
Jotunheimen og Utladalen - Evaluering av forskriftsendring for bruk
av el-sykkel 2021/3711**

Høyring - frivillig vern av skog for Lykkja - Årdal 2021/4348

**Utsiktspunkt Vettisfossen - Sti-arbeid Vetti - Vettismorki - Referat frå
synfaring 04.06.21 2019/12439**

ST 26/2021 Delegerede vedtak

**12/2021 Delegerede vedtak - Dispensasjon - Utladalen
landskapsvernområde - Bruk av drone for kartlegging av berggrunn -
Scan Survey 2021/5264**

**13/2021 Delegerede vedtak - Forlenging av dispensasjon - Jotunheimen
nasjonalpark - Motorferdsel - 2021 - Bruk av snøskuter -
Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre 2021/3018**

**14/2021 Delegerede vedtak - Dispensasjon - Utladalen
landskapsvernområde - Transport av varer og avfall til Avdalen Gard -
Stiftinga Avdalen Gard 2021/5085**

**15/2021 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel 2021-2022 -
Snøskutertransport - materialar til gjetarbu på Gjendetunga - Lom
Tamrein AS og Vågå Tamrein AS 2021/5287**

**16/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - helikopter
- transport av målestaker og annet utstyr - målinger på breer og
isfonn - Norges vassdrags- og energidirektorat NVE 2021/3694**

**17/2021 Delegerede vedtak - Avslag - Jotunheimen Nasjonalpark -
Filming med drone - Smørstabbreen og Fanaråkbreen 2021/5658**

**18/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - 2021 -
Bruk av helikopter for transport av materialer til Storesalet på
Vettismorki - DNT Oslo og Omegn 2021/5507**

**19/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -
Motorferdsel - 2021 - Snødekt mark - Utkjøring av skiltstativ
Besseggen - Vågå Røde Kors 2021/4538**

| | | | | | |
|------------------|-------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2019/5553-8 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 20.05.2021 |
|------------------|-------------|----------------|------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 27/2021 | 07.06.2021 |

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde – Forvaltningsplan – Opplegg for planrevisjonen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret sluttar seg til gjennomføring av planrevisjonen, i tråd med vedlagt prosjektplan*

(*Merknad: prosjektplanutkastet er ikkje endeleg, særleg kapittel om aktørar må supplerast).

Forvaltningsplanane blir utarbeidd i løysinga *Forvaltningsplan på nett*, med ein separat plan for kvart verneområde; Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Besøksstrategien blir utarbeidd som felles dokument for Jotunheimen og Utladalen. Strategien blir også sett i samanheng med besøksstrategi for Besseggen, som blir utarbeidd som eit eige dokument knytt til arbeidet med Besseggen som *Nasjonal turiststi*.

Nasjonalparkstyret vil som styringsgruppe bli halde orientert som kopimottakar ved alle milepælar, og med oppdatering av status som fast post under styremøta i prosjektperioden. Framdriftsplanen kan måtte reviderast undervegs.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Første forvaltningsplan godkjent 1998.
- Dokument knytt til revisjonsprosess i perioden 2004-2014
- Brev av 3.juli 2008 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Direktoratet for naturforvaltning – Tilråding om nye verneforskrifter og ny forvaltningsplan:
 - Oppsummering av høyring av nye verneforskrifter
 - Framlegg til nye verneforskrifter
 - Oppsummering av høyring av ny forvaltningsplan
 - Framlegg til ny forvaltningsplan
- Verneforskrifter revidert ved Kgl res. av 14.11.14
- Brev av 06.01.2015 til Nasjonalparkstyret frå Miljødirektoratet – oppdrag om å overta prosessen med revisjon av forvaltningsplanen
- Nasjonalparkstyret, sak 44/2015 – Planprogram og oppstartsmelding for revisjon av forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Brev av 02.09.2015 – Ny oppstartsmelding til partane, med forankring i sak 44/2015.
- Referat frå opne møte i kommunane hasuten 2015.
- Innkomne innspel til oppstartmeldinga:
 - Vågå kommune, brev av 09.11.2015 - *Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - uttale til melding om oppstart om revisjon av forvaltningsplan.*
 - Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, brev av 11.11.2015 - *Innspel til planarbeid; ny forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen*
 - Forum for natur og friluftsliv (FNF) i Sogn og Fjordane og Oppland, brev av 15.11.15 -

Oppstart forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

- Oppland fylkeskommune, brev av 12.11.15 - *Oppland fylkeskommunes uttalelse til varsel om oppstart av forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen LVO*
- Jon Lerhol, e.post av 31.01.2016 - *Jotunheimen nasjonalpark - Innspel til forvaltningsplan frå grunneigarar i Vang*
- Norges Klatreforbund (NKF), e-post av 31.01.2016 - *Innspill til revisjon av Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark*
- Fagnotat villrein i Vest-Jotunheimen – (2016) – SB Natur /Ingvild Øyjordet
- Fagnotat sykling – (2016) – Ingvild Øyjordet
- Sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen (2015) – Kistefos v/ Høitomt og Opheim
- Sårbarheitsvurdering for fugl i Vest-Jotunheimen (2018-19) – Kistefos v/ Høitomt
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.2012
- Brukarundersøking 2019, med brukarrapportar for Jotunheimen/Utladalen og Besseggen
- Tidlegare brukarundersøkingar 1992-2010
- Miljødirektoratet – *mal for bessøksstrategier*, Sist oppdatert 10.09.2020
- Skjøtselsplan for Utladalen landskapsvernområde, framlegg 08.05.2013, under revisjon i 2021
- Skjøtselsplan Gjendebuområdet 2001, med tilhøyrande evalueringsrapport frå 2011/2012

Saksopplysningar

Første forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart godkjend av Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i juni 1998. Revisjon av planen vart sett i gang i 2004, med eit parallelt løp for revisjon av verneforskrifter frå 1980. Ein omfattande prosess med møte og høyringar leia av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen Oppland føregjekk i perioden 2004-2008. Prosessen munna ut i tilråding til Direktoratet for naturforvaltning om nye verneforskrifter og ny forvaltningsplan ved oversending av 3.juli 2008.

Klima- og miljødepartementet sluttbehandla saka om reviderte verneforskrifter i 2014 (Kgl. Res. 14.11.2014). Det vart her ein del endringar i høve til forslaga som vart utarbeidde i 2008, og i møte med Miljødirektoratet i vart ein samde om å utarbeide eit nytt forslag til forvaltningsplan, basert på dei vedtekne verneforskriftene, ny naturmangfaldlov og andre føringar som hadde kome til i åra som hadde gått etter revisjonsprosessen. I mellomtida kunne ein nytte forvaltningsplanutkastet frå 2008 som eit *retteiande* dokument i forvaltninga. Utkastet er er tilgjengeleg på sida nasjonalparkstyre.no.

Nasjonalparkstyret fekk ved brev av 06.01.2015 frå Miljødirektoratet i oppdrag å følgje opp prosessen med ny forvaltningsplan, basert på etablert kunnskap i tidlegare prosess og oppdatering i høve til naturmangfaldlova og dei nye forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Med forankring i sak 44/2015 i Nasjonalparkstyret vart det sendt oppstartmelding til partane ved brev av 02.09.2015. Det vart i tillegg arrangert opne møte om planarbeidet i kvar av kommunane hausten 2015.

Det kom enkelte skriftlege innspel, som blir tekne med som grunnlagsdokument i den vidare prosessen. Alle innspel blir vurdert, men det er ingen automatikk i at alt innhald i innspela vil bli innarbeidd i planen. Ein del innspel er lite relevante, og enkelte forslag går ut over rammer gitt i verneforskrifta og rammene for det som kan løysast gjennom ein forvaltningsplan

Våren 2018 var ein nesten i mål med utkast til høyringsdokument, men på samling med Miljødirektoratet vart den digitale planløysinga «Forvaltningsplan på nett» presentert. Nye og reviderte forvaltningsplanar skal utarbeidast i dette fagsystemet, men for påbegynte planar var

det mogleg å fullføre etter eldre mal.

Dåverande nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun var prosjektleiar for forvaltningsplanarbeidet, og da han gjekk over til ei ny stilling i oktober 2018, stoppa arbeidet opp. Forvaltarstillinga vart ståande vakant i over eitt år, og med halv bemanning hadde ein ikkje personalressurs til planarbeid. Det vart ekstra krevjande sidan den som hadde leia arbeidet og starta omlegginga til FVPN med eitt var ute av systemet.

Med Eldrid Nedrelo på plass som ny forvaltar våren 2020, kunne ein arbeidd vidare med forvaltningsplanen, men vi prioriterte da å få opp publikumssider for nasjonalparken på nett, da dette var svært etterspurt og i tråd med besøksstrategien som vart godkjent i 2012. Forvaltningsplanarbeidet blir teke opp att våren 2021, og får nå høg prioritet.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Vedtektene pkt. 8.1 og 8.2 omtalar styrets ansvar for forvaltningsplan og besøksforvaltning:

8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområdene. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplaner skal utarbeides innenfor rammene av naturmangfoldloven og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere hvordan formålet med vernet skal nås, og skal inneholde enn flerårig tiltaksplan og en besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendes til direktoratet for faglig gjennomgang før høring. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Miljødirektoratet.

8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Som forvaltningsmyndighet skal styret ut fra naturmangfoldloven § 33 og verneformålet i de enkelte verneforskrifter vurdere behov for og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. - - - Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssteder. - - -»

Vurdering

Etter eit avbrekk på nær tre år er det viktig å koma i gang att med revisjonen av forvaltningsplanen og besøksstrategien. Ny forvaltningsplan blir utarbeidd som digitalt dokument, *Forvaltningsplan på nett*. I FVPN vil godkjende planar ligge opent tilgjengelege både for forvaltninga og for publikum i eit felles system, og seinare revisjonar ville bli enklare i det nye systemet. Ein kom i samråd med Miljødirektoratet våren 2018 fram til å ta i bruk den nye løysinga FVPN, sjølv om det ville bety mykje ekstraarbeid når det analoge utkastet nær var ferdig. I den digitale planløysinga må ein lage separate planar for kvar verneområde, og ved revisjonen får vi såleis ein eigen forvaltningsplan for Jotunheimen og ein for Utladalen.

Ein foreslår likevel å behalde besøksstrategien som eitt samla dokument, da dei to verneområda heile tida har hatt ei samla forvaltning og har mykje ferdsel som går på tvers av grensene mellom dei to verneområda. Besøksstrategien vil ligge som eige vedlegg til forvaltningsplanane.

Revisjonsprosessane for forvaltningsplanane og besøksstrategien vil gå parallelt, med samordna høyringar. Vedlagt utkast til prosjektplan blir foreslått som opplegg for

planprosessen. Vi manglar framleis ein del detaljar i kapittel 4 om aktørar, men dokumentet viser uansett planlagt struktur i arbeidet. Sekretariatet vel difor å leggje fram saka for styret nå, slik at vi kjem i gang med planarbeidet før sommarferien. Dersom vi får innspel i oppstartfasen om element som bør takast inn, kan dette vurderast ved ein ny gjennomgang i styret hausten 2021.

Vi ser også at det kan verta aktuelt å revidere tidsplanen når vi har fått gått nærare inn i prosessen. Vi har i utgangspunktet sett ein ganske stram framdriftsplan, da vi kan nytte oss av ein stor del av arbeidet som vart utført fram til 2018, men vi vil på den andre sida ikkje setja så stramme fristar at det kan opplevast som avgrensande for dei som skal involverast i planarbeidet

Besøksstrategien vil bli sett i samanheng med besøksstrategi for Besseggen, som blir utarbeidd som eit eige dokument knytt til prosjektet *Besseggen som Nasjonal Turiststi*. Dei nasjonale turiststiane har eigne tilskottsordningar, og omfattar hovudsakleg turar utanom verneområde. Besseggen er den einaste som ligg i nasjonalpark. Nasjonalparkforvaltaren med kontorstad Lom er med i styringsgruppa, og har svært tett dialog med leiaren for turiststiprosjektet, som er dagleg leiar med informasjonsenteret Norsk Fjellsenter.

(Det blir også blir arbeidd med ein ide om å vurdere å få Galdhøpiggen med som Nasjonal Turiststi, men dette er heilt i startfasen og ikkje avklara om det blir gjort ei formell oppfølging. Initiativet kjem frå næringsdrivande i området, og Lom kommune og nasjonalparkforvaltninga vil bli involvert om ein skal gå vidare med saka.)

**Rullering av
Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen
Forslag (førebelts utkast) til
Prosjektplan**



Innhald

| | |
|--|----|
| 1. Innleiing..... | 13 |
| 1.1 Kva er ein forvaltningsplan?..... | 13 |
| 1.2 Målet med ein forvaltningsplan..... | 13 |
| 1.3 Bakgrunn..... | 13 |
| 1.4 Historikk..... | 13 |
| 1.5 Status og grunnlag for vidare arbeid med revisjonen..... | 15 |
| 2. Rammer for arbeidet..... | 16 |
| 2.1 Verneområda som inngår i planarbeidet..... | 16 |
| 2.2 Rammer for saksbehandlninga..... | 16 |
| 2.3 Fagsystem for verneområde..... | 17 |
| 2.4 Føringer gjevne i ein forvaltningsplan..... | 18 |
| 2.4.1 Endring av verneforskrifter..... | 20 |
| 2.5 Bevaringsmål (jf. kap. 2.3)..... | 21 |
| 3. Konkrete mål for forvaltningsplanarbeidet..... | 22 |
| 4. Aktørar..... | 23 |
| 4.1 Offentlege aktørar..... | 23 |
| 4.2 Næringsinteresser..... | 25 |
| 4.3 Lag og organisasjonar..... | 28 |
| 5. Organisering av planarbeidet..... | 30 |
| 5.1 Prosjektleiing..... | 30 |
| 5.2 Involvering..... | 30 |
| 5.3 Prosjektorganisering..... | 30 |
| 6. Tidsplan..... | 32 |
| 7. Økonomi..... | 32 |

1. Innleiing

1.1 Kva er ein forvaltningsplan?

I **Forvaltningsplan på nett for verneområder** (FPNV v.2.0) Brukerveiledning (Miljødirektoratet 10.06.20) er ein kortfatta definisjon av forvaltningsplan:

«En forvaltningsplan er en praktisk veileder som skal bidra til beslutninger og bruk som sikrer vernet. Innenfor rammen av verneforskriften kan planen gi retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv., samt mål og tiltak for å ivareta verneverdiene.»

1.2 Målet med ein forvaltningsplan

Ved å utarbeide ein forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO ønskjer ein å få ein samla oversikt på aktuelle brukarinteresser og føringar for behandling av ulike problemstillingar. Hovudmålet med forvaltningsplanen er å trekkje opp retningslinjer og konkretisere felles mål for forvaltninga, slik at føremåla med etableringa av verneområda vert ivaretekne.

Forvaltningsplanen skal såleis vere eit praktisk hjelpemiddel og medverke til samordna praksis for området. Planen er viktig for å oppnå lik forvaltningspraksis og ei pårekeleg, heilskapleg forvaltning av verneområda. Forvaltningsplanen vil også kunne fungere som ein rettleiar for brukarar av områda

Det overordna målet med verneområda er å sikre verneformålet og verneverdiene mot ønske inngrep og aktivitetar. Formålet med å opprette Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er presisert i sjølve formålsparagrafen i verneforskrifta for det einkilde verneområdet. Likevel er dette nokså rundt formulerte føremål, og det er behov for å konkretisere kva naturkvalitetar som skal prioriterast og korleis ein kan ta vare på desse gjennom ein forvaltningsplan.

1.3 Bakgrunn

Både verneforskriftene og vedtektene for styret set krav om forvaltningsplan for verneområda. Verneforskriftene § 5 har likelydande ordlyd for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:

§ 5. Forvaltningsplan

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.»

Styrevedtektene, sist revidert frå 01.01.2020, set rammer for styrearbeidet og oppgåvene.

8. STYRETS OPPGAVER

Medlemmene av styret skal forvalte verneområdene i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for det enkelte verneområde. Alle representantene i styret har et felles ansvar for en helhetlig forvaltning av verneområdene hvor ivaretagelse av verneverdiene og verneformålet er hovedoppgaven.

8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområdene. - - - »

1.4 Historikk

Den første forvaltningsplanen for Jotunheimen og Utladalen vart godkjend i 1998 (Rapport 4-1998, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane).

I 2004 starta arbeidet med å revidere denne. Det var behov for revidering av både verneforskrift og forvaltningsplan, og det var lagt opp til parallell behandling. Ein omfattande prosess i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland med møte og høyringar føregjekk i perioden 2004-2008. Prosessen munna ut i tilrådingar om nye verneforskrifter og ny forvaltningsplan, og desse dokumenta vart oversendt Direktoratet for naturforvaltning 3.juli 2008.

Klima- og miljødepartementet sluttbehandla saka om reviderte verneforskrifter i 2014 (Kgl. Res. 14.11.2014). Det vart her ein del endringar i høve til forslaga som vart utarbeidde i 2008, og i møte med Miljødirektoratet i vart ein samde om å utarbeide eit nytt forslag til forvaltningsplan, basert på dei nye/reviderte verneforskriftene, ny naturmangfaldlov og andre føringar som hadde kome til i åra som hadde gått etter revisjonsprosessen. I mellomtida kunne ein nytte planutkastet frå 2008 som eit *rettleiande* dokument i forvaltninga. Utkastet er tilgjengeleg som pdf-dokument på www.nasjonalparkstyre.no.

Nasjonalparkstyret fekk ved brev av 06.01.2015 frå Miljødirektoratet slik oppdrag:

«Forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart utarbeida av Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Oppland, og var vinteren 2007 på høyring.

Fylkesmennene sin tilråding til forvaltningsplanen vart motteke i dåverande Direktoratet for naturforvaltning for godkjenning juli 2008. Planen vart midlertidig liggande på vent til Klima- og miljødepartementet si (tidlegare Miljøverndepartementet) handsaming av forslaget til nye verneforskrifter for verneområdene.

I løpet av åra som har gått sidan forvaltningsplanen kom til direktoratet for godkjenning har naturmangfaldlova trådd i kraft, det har vorte ny forvaltningsstyresmakt for verneområda, og nye forskrifter for Jotunheimen og Utladalen vart vedtekne november 2014. Alt dette, inkludert at det no er mange år sidan planen var på høyring, tilseier at forvaltningsplanen bør justerast gjeldande naturmangfaldlova og dei nye forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområdet. Miljødirektoratet ber om at Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, som forvaltningsstyresmakt for verneområda, tek over dette arbeidet frå fylkesmannen.

Forvaltningsplanen må justerast i høve det nye lovverket og endra forvaltningsstyresmakt, og bør byggas opp i tråd med direktoratet sin mal for forvaltningsplanar. Miljødirektoratet meiner og at planen bør sendast ut på ny høyring i og med dei endringane som har skjedd, og at det er såpass mange år sidan den vart høyrd. Forslaget til justert forvaltningsplan skal sendast direktoratet for fagleg gjennomgang før ny høyring finn stad. Etter høyring skal nasjonalparkstyret si tilråding til forvaltningsplan sendast til Miljødirektoratet for godkjenning. Vi står gjerne til disposisjon for dialog og vegleing undervegs i arbeidet, så ta kontakt om det er ønskeleg.»

Nasjonalparkstyret behandla i sak 44/2015 Planprogram og oppstartsmelding for revisjon av forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Oppstartsmelding vart sendt ut til partane ved brev av 02.09.2015, med høve til å gje innspel. Hausten 2015 vart det arrangert opne møte om planarbeidet i kvar av kommunane.

Det kom enkelte skriftlege innspel. Desse som blir tekne med som grunnlagsdokument i den vidare prosessen. Alle innspel blir vurdert, men det er ingen automatikk i at alt innhald inngår i planen.

Våren 2018 hadde ein kome langt med planarbeidet, men i samling med Miljødirektoratet vart den digitale planløysinga «*Forvaltningsplan på nett*» (FVPN) presentert. Nye og reviderte planar skulle utarbeidast i dette fagsystemet, og ein valde å ta i bruk den nye løysinga FVPN, sjølv om det ville bety mykje ekstraarbeid når det analoge utkastet nær var ferdig. I FVPN vil godkjende planar ligge opent tilgjengelege både for forvaltninga og for publikum i eit felles system, og seinare revisjonar vil bli enklare i det nye systemet.

Dåverande nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun var prosjektleiar for forvaltningsplanarbeidet, og han starta omlegginga til FVPN. Da han slutta i oktober 2018 for å gå over i anna stilling, stoppa arbeidet opp. Forvaltarstillinga vart ståande vakant i over eitt år, og med halv bemanning hadde ein ikkje personalressurs til forvaltningsplanarbeid. Det vart ekstra krevjande sidan den som hadde leia arbeidet og starta omlegginga til FVPN med eitt var ute av systemet.

1.5 Status og grunnlag for vidare arbeid med revisjonen

Med full bemanning og nettsider både for publikum og for styrearbeidet på plass, kan arbeidet med forvaltningsplan setjast i gang att.

Vidare revisjonsarbeid vil bygge på arbeidet utført fram til 2018. På grunn av den lange tida som har gått, vil det bli sendt ut fornya oppstartmelding med høve til supplerande og nye innspel.

Ved vern av Jotunheimen og Utladalen i 1980 var det ikkje same fag-system for forvaltinga av verneområde som i dag, med t.d. omfattande kartlegging av brukarinteresser. Gjennom fleire år har nasjonalparkstyret/forvaltinga prioritert å betre kunnskapsgrunnlaget for Jotunheimen og Utladalen.

Følgjande dokument har kunnskap med særleg verdi for forvaltningsplanarbeidet:

- Brukarundersøking 2019 med 2 fagrapportar
 - Jotunheimen 1992-2019
 - Besseggen 2019
- Tidlegare rapport 1992-2010 viser utvikling
- Sårbarheitsvurdering for fugl i Aust-Jotunheimen (Kistefos, 2015)
- Fagnotat villrein (SB Natur / Ingvild Øyjordet, 2016)
- Sykling og ridning i verneområda (Ingvild Øyjordet, fagnotat 2016)
- Sårbarheitsvurdering for fugl i Vest-Jotunheimen og Utladalen (Kistefos, 2018-19)
- Skjøtselsplan for Gjendebuområdet (Fylkesmannen i Oppland, 2001)
- Evaluering av skjøtsel ved Gjendebu (Miljøfaglig utredning, Rapport 2012:34)
- Skjøtselsplan for Utladalen (Tanaquil Enzenberger, 2013, under revisjon i 2021)
- Kulturlandskapet i Vormeli, Luster kommune i Sogn og Fjordane biologiske verdier og skjøtsel (Tanaquil Enzensberger, 2008)
- Bygningar og kulturminne i Utladalen, Solem 2015? (Avdal Gard dei siste 25 år?)
- Kartlegging av bygningar i Jotunheimen og Utladalen (nasjonalparkforvaltarane, innsamla data)
- Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland (Riksantikvaren – Høyringsutkast, 2021).
- Andre dokument – lista kan supplerast

2. Rammer for arbeidet

2.1 Verneområda som inngår i planarbeidet

Fagsystemet «Forvaltningsplan på nett» føreset ein separat plan for kvart verneområde, medan dei gamle forvaltningsplanane hadde verneområda samla i eitt dokument. Ved rullering av forvaltningsplanen blir det derfor lagt opp til ein eigen forvaltningsplan for kvart verneområde forvalta av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Verneområda er vist i tabell 1.

Tabell 1. Verneområda - kjelde Naturbase.

| Verneområde (id i Naturbase) | Areal frå kartobjekt (daa) | Areal i verneforskrift (daa) | Kommuner |
|---|----------------------------|------------------------------|--------------------------------|
| Jotunheimen nasjonalpark - VV00001869 | 1 154 749,8 | 1 151 000 | Lom, Luster, Vang, Vågå, Årdal |
| Utladalen landskapsvern-område - VV00000706 | 320 500,3 | 314 000 | Luster, Årdal |
| Sum | | 1 465 000 daa | |

2.2 Rammer for saksbehandlinga

I naturmangfoldlova § 35 (nasjonalparkar) og § 36 (landskapsvernområde) blir det lagt til grunn at «Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøttsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.» For eldre verneområde er det vanleg at forvaltningsplanane har kome i ettertid.

Vedtektene for nasjonalparkstyret (2020) gjev slike føringar for forvaltningsplanarbeidet:
«8.1 Forvaltningsplan

Styret skal utarbeide/revidere forvaltningsplan for verneområdene. Oppstart av planarbeidet bør skje i dialog med Miljødirektoratet. Forvaltningsplaner skal utarbeides innenfor rammene av naturmangfoldloven og verneforskriftene. Forvaltningsplanen skal konkretisere hvordan formålet med vernet skal nås, og skal inneholde enn flerårig tiltaksplan og en besøksstrategi. Utkast til forvaltningsplan skal sendes til direktoratet for faglig gjennomgang før høring. Forvaltningsplanen skal godkjennes av Miljødirektoratet.

8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning

Som forvaltningsmyndighet skal styret ut fra naturmangfoldloven § 33 og verneformålet i de enkelte verneforskrifter vurdere behov for og nødvendig gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging skal, jf. §§ 35 og 36 siste ledd, inngå i en forvaltningsplan godkjent av Miljødirektoratet. Forvaltningstiltak iverksettes på et kunnskapsbasert grunnlag i samsvar med vedtatte forvaltningsplaner/skjøttsplaner.

Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrig reiseliv, samt det autoriserte besøkssenter. ...»

I veileder M-481 | 2016 Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven er det lagt føringar for utarbeiding av forvaltningsplanar, og det er gjevne utfyllande reglar om

saksbehandlninga i Rundskriv T2/15 - *Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven*. Her står m.a.:

- *Alle som berøres av forslagene og andre interesserte skal få fremmet sine synspunkter på en tilfredsstillende måte. God gjensidig informasjon vil bidra til å dempe konflikter og øke forståelse for vernet.*
- *Hovedformålet med saksbehandlingsreglene i naturmangfoldloven er å sikre at saksbehandlingen i vernesaker skal være åpen og inkluderende ved at alle berørte parter trekkes inn i saken.*
- *Grunneiere og rettighetshavere vil ha konkrete rettigheter i det området som vurderes for vern, mens den berørte lokalbefolkningen er en videre krets av de som bor i nærheten av området som utredes for vern.*
- *Kommunene er sentrale samarbeidspartnere i verneplanprosesser, og det er viktig å vurdere vern i medhold av naturmangfoldloven i sammenheng med andre planer og aktivitet i kommunene,*

I tråd med Rundskriv T2/15 blir reglar i naturmangfoldlova om saksbehandling lagt til grunn. Desse reglane gjeld i tillegg til generelle reglar i forvaltningslova, og vil så langt dei passar også vera gjeldande for arbeidet med forvaltningsplanen.

- Naturmangfoldlova § 41. om saksbehandling:
 - *«Når et arbeid med vern etter dette kapitlet tar til, skal det innenfor rammene av annet til tredje ledd samt §§ 42 og 43 legges til rette for en saksbehandling med best mulig samarbeid med grunneiere, rettighetshavere, berørte næringsinteresser og representanter for lokalbefolkningen, herunder utøvere av samisk kultur og utøvere av samisk næring, kommunen og fylkeskommunen, Sametinget og andre berørte myndigheter. ...»*
- Naturmangfoldlova § 8 legg vekt på kunnskapsbasert forvaltning:
«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet»

Med bakgrunn i dette ynskjer ein å legge opp til ein god prosess med brei medverknad i det vidare arbeidet med forvaltningsplanen. Nasjonalparkstyret vil m.a.:

2.3 Fagsystem for verneområde

I arbeidet med forvaltningsplanar har vi ulike digitale fagsystem for verneområde:

- Forvaltningsplan på nett (FPNV)
 - Forvaltningsplanen blir liggande i ei eiga nettløysing, FPNV. Verneforskrifta set rammer for innhaldet i forvaltningsplanen. I forvaltningsplanen skal det utdjupast konkrete retningslinjer for forvaltning og bruk, knytt til dei einstilte reglane i verneforskrifta.
 - Kart, bilete, figurar, skjøtselsplanar og besøksstrategiar blir lasta opp som vedlegg.
 - Allmennta får tilgang til planen via innsynsløysing på internett.
- Naturbase (tilgjengeleg for allmenta)
 - Viser kart og faktaark om dei to verneområda (Jotunheimen NP og Utladalen LVO).
- NatStat (eit verktøy for forvaltninga)
 - Her registrer ein truslar mot verneverdiane, bevaringsmål og opplegg for overvaking.

Det er dynamisk kopling mellom «Forvaltningsplan på nett», Naturbase og NatStat. Relevant informasjon som ligg i Naturbase og NatStat blir automatisk lasta inn i forvaltningsplanen.

I fagsystemet NatStat kan nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit setje konkrete bevaringsmål for ønska naturtilstand i eit verneområde. *Bevaringsmål* definerer den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområda skal ha. Bevaringsmål skal kunne overvakast/målast, og resultatet viser om tilstanden er god, middels eller dårleg.

2.4 Føringer gjevne i ein forvaltningsplan

I verneforskriftene § 3 er det fleire plassar vist til forvaltningsplanen (våre understrekingar):

Jotunheimen

1.2 (om Landskapet) Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- b) Vedlikehald av stiar, merking, bruer, skilt og liknande i samsvar med forvaltningsplan.
- c) Vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med forvaltningsplan.
- d) Kvisting av løyper i samsvar med forvaltningsplan.
- e) Slått og rydding av eksisterande setervollar i samsvar med forvaltningsplan.
- f) Opplag av båtar i samsvar med forvaltningsplan.

1.3 (om Landskapet) Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- b) Oppføring av nye bygningar og innretingar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.
- g) Større endringar i seterdrifta i samsvar med forvaltningsplan.
- h) Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35 i samsvar med forvaltningsplan.
- k) Riving av bygningar, anlegg og innretingar og oppføring av nye med same størrelse og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.
- l) Opplag av båtar som ikkje er i samsvar med forvaltningsplan.

3.3 (om Dyrelivet) Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- b) Kalking av vatn og elver som er naudsynt for å hindre at ein art døyr ut. I forvaltningsplanen skal det fastsetjast eit referanseområde som ikkje skal kalkast.

5.2 Organisert ferdsel

Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.

5.3 Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er bare tillatt på veier, eksisterende stier og kjørespor. Det kan i forvaltningsplan fastsettes restriksjoner for slik ferdsel på nærmere angitte strekninger.

6.3 (om Motorferdsel) Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- g) Drift av rutebåt på Gjende i samsvar med forvaltningsplan.
- h) Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.
- j) Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.

Utladalen

1.2 (om Landskapet) Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- c) Vedlikehald av stiar med merking, skilt, bruer og liknande i samsvar med forvaltningsplan.
- d) Kvisting av løyper i samsvar med forvaltningsplan.
- e) Drift og vedlikehald av kulturlandskap i samsvar med godkjend forvaltningsplan og/eller skjøtselsplan

1.3 (om Landskapet) Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- b) Oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.
- i) Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35 i samsvar med forvaltningsplan.
- k) Istandsetting av seterhus i samsvar med forvaltningsplan.
- n) Riving av bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i samsvar med forvaltningsplan.

5.2 Ferdsel som kan skade naturmiljøet

Ferdselsformer som ikkje skjer til fots må ha løyve frå forvaltningsstyresmakta dersom ferdsele kan skade naturmiljøet. Nærare retningslinjer blir gjeve i forvaltningsplanen, jf. § 5.

5.3 Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er bare tillatt på veier, eksisterende stier og kjørespor. Det kan i forvaltningsplan fastsettes restriksjoner for slik ferdsel på nærmere angitte strekninger, jf. § 5.

Veileder M-481 | 2016 Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven har ein del føringar knytt til ferdsel, der verneforskriftene ofte viser til forvaltningsplanen for utfyllande reglar. Under er det referert ein del sentrale føringar som vil vera viktige for utforminga av retningslinjer og tiltak:

Organisert ferdsel

«I stadig større omfang tilbys organiserte turopplegg der naturopplevelse og friluftsliv er sentralt, for eksempel organiserte fotturer, tematurer, organiserte rideturer og klatring. Noen av aktivitetene krever faste leirplasser. Organisert ferdsel kan føre til markslitasje og forstyrrelse av dyreliv. På den annen side kan ferdsele kanaliseres slik at en aktivitet ikke kommer i konflikt med naturverdiene. I forskriftsmalen for nasjonalparker er det lagt til grunn at organisert turvirksomhet til fots er tillatt så lenge naturmiljøet ikke blir skadelidende. Annen organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha tillatelse fra forvaltningsmyndigheten. Det skal ikke legges større restriksjoner på organisert ferdsel enn det som er påkrevd ut fra verneformålet. Ved krav om søknad sikres imidlertid en dialog mellom utøveren og forvaltningsmyndigheten, og en kan legge til rette for at aktiviteten ikke kommer i konflikt med verneverdiene og kanalisere ferdsel utenom de mest sårbare områdene.

- - -

Gjennom forvaltningsplan skal det presiseres hvilke aktiviteter som er tillatt uten videre og hvilke aktiviteter som må ha særskilt tillatelse. Markslitasje og forstyrrelse av dyreliv gjør at særlig større arrangementer bør vurderes nærmere av forvaltningsmyndigheten. Dette må vurderes i forhold til verneformålet i det enkelte verneområdet og type aktivitet. - - .»

Organisert bruk av hest

Enkeltpersoners bruk av hest skal være tillatt. Organisert bruk av hest skal normalt være tillatt på veier, samt traseer og områder som er godkjent for slik bruk i forvaltningsplanen. Aktuelle traseer og eventuelt områder skal således angis i forvaltningsplan. Organisert bruk av hest utenfor veg og slike angitte traseer skal da være søknadspiktig. Det er særlig hensynet til markslitasje som gjør det nødvendig å legge restriksjoner på denne typen organisert virksomhet.

Sykling

Etter friluftslivloven er sykling tillatt på veier og stier i utmark og ellers overalt på fjellet. Omfanget av terrengsykling i utmark er økende. Slik aktivitet kan føre til store skader og slitasje i terrenget. Ifølge forskriftsmalen for nasjonalparker skal sykling derfor kun være tillatt på veier, samt traseer og stier som er godkjent for slik bruk i forvaltningsplanen.

Gjennom arbeidet med forvaltningsplanen er det eit mål å utdjupe konkrete retningslinjer for forvaltning og bruk knytt til den einskilde regelen i verneforskrifta der det er vist til forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen kan gje utfyllande retningslinjer til reglane i verneforskriftene også når det gjeld:

- Landskap; overordna føringar for byggetiltak og tekniske inngrep
- Dyreliv
- Planteliv
- Ferdsel; tilrettelegging av turstier og skiløyper
- Motorferdsel
- Forureining
- Støy, retningslinjer for dronebruk
- Skjøtsel og tiltak
- Oppsyn.

Forvaltningsplanane skal ha kortfatta skildringar av verneområda når det gjeld:

- Verneverdiar
- Naturstatus
- Brukarinteresser

Om randsonene

Kommuneplanen har verkemiddel som kan takast i bruk når det gjeld randsoner

- *Plan- og bygningsloven er et viktig verktøy for å styre utviklingen i randsoner inntil verneområder. Lovens § 11-8 tredje ledd bokstav c gir kommunen mulighet til å fastsette randsonen som hensynssone. I denne sonen kan det gis bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet. Dette forutsetter at bestemmelsene fastsettes samtidig med fastsetting av verneforskrift for nytt område, ved revisjon av forskriften eller samtidig med ny forvaltningsplan eller ved revisjon av denne.*

2.4.1 Endring av verneforskrifter

I samband med forvaltningsplanarbeidet kan det koma innspel som gjeld endring av verneforskriftene. Miljødirektoratet har myndigheit til å foreta lite vesentelege endringar. Det vil typisk vera retting av feil, som t.d. at det manglar eit gards- og bruksnummer o.l.

Meir omfattande forskriftsendringar eller vesentelege endringar av vernegrensene som vil endre forvaltninga, vil krevje ny kongeleg resolusjon. Ansvar for ein slik prosess ligg til Miljødirektoratet og Statsforvaltaren.

I den grad det kjem slike innspel, kan nasjonalparkstyret etter ei saksvurdering sende ei oppfordring til Statsforvaltaren og Miljødirektoratet om å ta slike innspel opp til vidare behandling.

2.5 Bevaringsmål (jf. kap. 2.3)

På Miljødirektoratet sin nettside NatStat er det opplyst:

«Verneområdene er beskyttet mot skade og ødeleggelse. Likevel endres også vernet natur. Mange endringer er naturlige, mens andre forårsakes, direkte eller indirekte, av menneskelig aktivitet. Det kan f.eks. være fremmede arter som endrer det opprinnelige naturmangfoldet, inngrep som fører til tørrlegging eller gjengroing, eller ny naturbruk som endrer vegetasjon og artssammensetning.

I NatStat kan forvaltningsmyndigheten sette konkrete bevaringsmål for ønsket naturtilstand innen et verneområde. Bevaringsmål, f.eks. knyttet til fremmede arter, skal overvåkes. Resultatet av overvåkingen fastslår om naturtilstanden er god, middels eller dårlig, og om bevaringsmålet er nådd. Innsynsløsning til NatStat gir oversikt over antall bevaringsmål, målt tilstand, og hvilke påvirkningsfaktorer (f.eks. fremmede arter) som følges opp av forvaltningsmyndigheten.»

3. Konkrete mål for forvaltningsplanarbeidet

Dei konkrete måla for arbeidet med revidert forvaltningsplan er å oppdatere gjeldande forvaltningsplan i tråd med:

- ny måte for framstilling og distribusjon – «Forvaltningsplan på nett» - FPNV (versjon 2.0).
- endra kunnskapsgrunnlag
- endra bruk av verneområda
- å innarbeide besøksforvaltning som eige tema i forvaltningsplanane.
- at behovet for informasjon har auka, og skjer i hovudsak via nettbaserte løysingar.

Det blir særleg lagt vekt på følgjande forhold som viktige i revidering av forvaltningsplanen:

- fastsetje bevaringsmål og status for verneverdiane.
- lage eintydige og samordna retningslinjer for organisert ferdsel.
- lage entydige- og samordna retningslinjer for byggesaker i verneområdene.
- vurdere løyper og stigar og gje utfyllande retningslinjer for merking og ulike ferdselsformer
- skjøtsel og bruk av kulturlandskapet
- legge føringar for eintydig og lik praksis knytt til løyve for motorferdsel i utmark.
- leggje føringar for eintydig og lik praksis knytt til bruk av dronar i verneområda.

Det er aktuelt å knyte bevaringsmål til ulike verdiar, så som

- leveområde for villrein
- urørt natur
- økosystem og biologisk mangfald
- naturtypar
- landskap
- kulturminne.

4. Aktørar

I forvaltningsplanarbeidet skal det leggast vekt på ein open og inkluderande prosess. Det er viktig å sikre at relevante aktørar blir involvert. Vi ber om tilbakemelding på feil eller manglar i tabellane.

4.1 Offentlege aktørar

Miljødirektoratet

Miljødirektoratet skal gje ei fagleg godkjenning av utkast til forvaltningsplan før høyring. Direktoratet er også den instansen som står for endeleg godkjenning av forvaltningsplanen. Miljødirektoratet kan elles bli kontakta for rettleiing i ulike spørsmål knytt til planprosessen. Direktoratet er eigar av portalen «*Forvaltningsplan på nett*», og står sentralt i bruken av portalen.

Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn Jotunheimen har oppsynet med verneområda, og driv i tillegg med skjøtsel, dokumentasjon, ferdselsteljingar, fysisk tilrettelegging og informasjon. Nasjonalparkstyret bestiller kvart år tenester frå SNO gjennom den såkalla bestillingsdialogen.

Kommunane

Verneområda ligg i Innlandet og Vestland fylke, med areal i 5 kommunar. Kommunane er formelle høyringspartar, og svært viktige samarbeidspartar og aktørar. Kommunane har god lokalkunnskap, er forvaltningsmyndigheit etter ulike lovverk som plan- og bygningslov, motorferdsellov, forureiningslov m.m. og har mål og strategiar for samfunnsutvikling og arealdisponering. Kommunane er viktige aktørar fordi det ofte er sammenheng mellom det som skjer både innan og utanfor verneområda.

Statsforvalteren i Innlandet og Statsforvalteren i Vestland

Statsforvaltarane har klagerett i saker som nasjonalparkstyret behandlar, og kan elles konsulterast i faglege spørsmål m.a. når det gjeld arbeidet med forvaltningsplan.

Innlandet fylkeskommune og Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunane er formelle høyringspartar, og forvaltningsmyndigheit etter kulturminnelova. Dei er viktige samarbeidspartar når det gjeld forvaltning av kulturminne i verneområda.

Riksantikvaren

Riksantikvaren har nyleg lagt fram plan for *Nasjonalt viktige kulturlandskap* i tidlegare Oppland fylke. Eitt av landskapa omfattar også areal innan Jotunheimen nasjonalpark.

NVE – Norges Vassdrags og Energidirektorat

I Jotunheimen nasjonalpark er eit eksisterande minikraftverk med plan om erstatning med nyanlegg.

I Utladalen LVO er det plan om etablering av Skogadalsbøen milkraftverk.

NVE er fagmyndigheit for energianlegg, medan nasjonalparkstyret er konsesjonsmyndigheit. Dette krev nær dialog og samarbeid når det gjeld fornying eller nye energiforsyningsanlegg.

Grunneigarar og fjellstyre

Arealet i verneområda består av både statsallmenningar og privat grunn.

Statsallmenningane har ei tredelt forvaltning:

- Statskog SF er grunneigar.
- Fjellstyra forvaltar ulike bruksrettar (seter, beite, jakt og fiske) etter fjellova.
- Allmenningstyra, forvaltar skogen etter lov om skogbruk i statsallmenningene.

Innanfor verneområda er det 5 statsallmenningar. I Årdal er to separate allmenningsområde, som blir forvalta samla av Årdal fjellstyre. Oversikt i tabell 2.

Tabell 2. Oversikt over statsallmenningar i verneområda, kjelde fjellstyre.no og Innlandsgis.

| Kommune | Statsallmenning | Fjellstyre | Nettside |
|---------|--|--------------------------|---|
| Lom | Leir- og Bøverdalen statsallmenning (155/1), | Lom fjellstyre | https://www.lom-fjellstyre.no/ |
| Luster | Luster austre statsallmenning (gnr./bnr. 215/1), | Luster Austre fjellstyre | https://www.lusteraustre.no/ |
| Vågå | Langmorkje statsallmenning (187/1) forvalta av | Vågå fjellstyre | https://www.vaga-fjellstyre.no/ |
| Årdal | Årdal vestre og Årdal austre statsallmenning (gnr./bnr. 38/1), | Årdal fjellstyre | |
| | | | |
| | | | |

Innan verneområda er det og nokre private eigedommar.

I tabell 3. er det oversikt over alle gards- og bruksnummer innan dei to verneområda.

Tabell 3. Oversikt over gards- og bruksnummer for de ulike verneområda.

(gnr./bnr. er henta direkte frå verneforskriftene)

| Kommune | Verneområde | Eigedommar |
|---------|----------------|--|
| Lom | Jotunheimen NP | Leir- og Bøverdalen statsallmenning (gnr./bnr. 155/1) |
| Luster | Jotunheimen NP | Luster austre statsallmenning (gnr./bnr. 215/1) |
| | Utladalen LVO | Luster austre (gnr./bnr. 215/1) og delar av følgjande gnr./bnr.: 8/1, 8/2, 8/3, 8/5, 9/1, 9/4, 9/16, 10/1, 11/1, 11/2, 12/1, 12/2, 12/3, 12/4, 12/5, 12/6, 13/1, 13/3, 13/4, 13/5, 13/20, 13/22, 13/38, 14/1, 14/2, 14/3, 14/5. |
| Vang | Jotunheimen NP | gnr./bnr. 6/267 |
| Vågå | Jotunheimen NP | Langmorkje statsallmenning (gnr./bnr. 187/1) Del av sameige under gnr./bnr. 2/1, 2/2, 3/1. Gjende (vatnet), eigar Vågå kommune gnr. 191 bnr. 1. Russvatnet (eigar gnr./bnr. 143/1). |
| Årdal | Jotunheimen NP | Årdal vestre statsallmenning (gnr./bnr. 38/1) |
| | Utladalen LVO | Årdal austre (gnr./bnr. 38/1) og delar av følgjande gnr./bnr.: 11/1, 12/1, 12/2, 13/1, 13/2, 13/3, 13/4, 13/5, 14/1, 14/2, 14/3, 14/4, 15/6, 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 16/6, 17/1, 17/3, 18/1, 18/2, 19/1, 22/2. |

4.2 Næringsinteresser

Dei viktigaste næringsinteressene er *Landbruk* og *Reiseliv*.

Landbruk

Landbruket er av dei viktigaste brukarinteressene i verneområda. Ved sidan av jakt og fangst er landbruket den bruken med lengst historie i verneområda. Grunneigarar og representantar for næringa er viktige høyringspartar, og kan bidra med faktagrunnlag i planprosessen.

Beitebruk

Innan verneområda er beitebruken organisert i ulike beitelag. Ein oversikt er vist i tabell 5.

Tabell 5. Oversikt over beitelag innan verneområda

| Beitelag | Kommune | Verneområde |
|---------------------------|----------------|---------------------------------|
| Russdalen beitelag | Vågå | Jotunheimen NP |
| Besstrondfjellet beitelag | Vågå | Jotunheimen NP |
| Leirungsdalen beitelag | Vågå | Jotunheimen NP |
| Storådalen beitelag | Lom | Jotunheimen NP |
| Veodalen | Lom | Jotunheimen NP |
| Utladalen sameige | Luster | Jotunheimen NP og Utladalen LVO |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

Reiseliv

Reiselivsorganisasjonane og bedrifter er høyringspartar, og vil bli konsultert i planprosessen.

Reiselivsnæringa tilbyr ulike produkt i tilknytning til nasjonalparken, som t.d.

- Overnatting
- Servering
- Aktivitetar og guida turar
- Utleige av utstyr m.m.

Gjennom tilboda og ved aktiv marknadsføring, trekkjer reiselivet mange besøkande til nasjonalparken. Derfor er det viktig å involvere reiselivet i arbeidet med forvaltningsplanen og besøksstrategien.

Reiseliv er i hovudsak organisert i fire samanslutnader:

- Nasjonalparkriket Reiseliv AS (Vågå, (Lom), Nord-Gudbrandsdalen)
- Visit Jotunheimen (Lom)
- Visit Sognefjord (Luster, Årdal / Sogn).
 - Visit Årdal
- Visit Valdres (Vang / Valdres)

Oversikt over aktuelle bedrifter er vist i tabell 6. Det er og aktørar som ikkje har adresse i regionen.

Tabell 6. Oversikt over sentrale reiselivsbedrifter i og randsonen til verneområda – blir supplert

| Kommune | Bedrift | I verneområde | I randsonen til verneområde |
|---------|---------|------------------------------|---------------------------------|
| Lom | | Gjendebru | |
| | | Glitterheim | |
| | | Memurubu | |
| | | | Sognefjellshytta |
| | | | Krossbu |
| | | | Jotunheimen Fjellstue |
| | | | Leirvassbu |
| | | | Spitersulen |
| | | | Juvvasshytta |
| | | | Galdhøpiggen Sommerskisenter |
| | | | Raubergstulen |
| | | | |
| | | | |
| Luster | | Fannaråkhytta (DNT – betent) | |
| | | Skogadalsbøen (DNT – betent) | |
| | | Olavsbu (DNT – sjølvbetent) | |
| | | | Turtagrø |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| Vang | | | Eidsbugarden hotell |
| | | | Fondsbu |
| | | | Torfinnsbu |
| | | | Bygdin Høifjeldshotell |
| | | | Tyinholmen |
| | | | |
| Vågå | | | Gjendesheim |
| | | | Besseggen Fjellpark |
| | | | Bessheim |
| | | | Hindsæter |
| | | | Sjodalen hyttetun |
| | | | m.fl. |
| | | | |

| | | | |
|-------|--|---|---------------|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| Årdal | | Vetti Gard Turiststasjon | |
| | | Avdalen Gard | |
| | | Gravdalen (DNT – ubetent) | |
| | | Stølsmaradalen (DNT – ubetent) | |
| | | Vormeli | |
| | | (Storeselet, DNT- sjølbetening, under etablering) | |
| | | | Svalheim gard |
| | | | |

Utmarksnæring

Vest-Jotunheimen villreinutval

Villreinutvalet er ein samanslutnad av grunneigarar og rettshavarar for forvaltning av villrein, sal av jaktkort og gjennomføring av villreinjakta.

Fjellstyre, grunneigarlag og sameige, grunneigarar

Aktørane har ulike tilbod av storviltjakt, småviltjakt, fiske og utleige av hytter og buer.

Vegar innanfor verneområda

- Glitterheimsvegen (Jotunheimen NP)
- Vettisvegen (Utladalen LVO)
- Koldedalsvegen (Utladalen LVO)

Kraftutbygging

- Hydro
- Årdal Energi
- Eidsiva
- NVE

4.3 Lag og organisasjonar

Friviljuge lag og organisasjonar organiserer ulike brukargrupper som kan ha interesser for aktivitet innan verneområda. Viktige lag og organisasjonar er m.a.:

- Forum for natur og friluftsliv – Innlandet og Vestland
- DNT Oslo og Omegn
- Årdal Turlag
- Andre lokale turlag
- Oppland JFF /Vestland JFF
- Naturvernforbundet i Innlandet /Vestland
- Særorganisasjonar for sykling, klatring, m.m.
- NOTS
-

Lista er ikkje uttømmende

Andre aktørar

Villreinnemnda for Vest-Jotunheimen

Villreinnemndene er oppretta i forskrift om hjortevilt § 21 Om villreinnemndene:

«Villrein i alle villreinområder med areal i to eller flere kommuner skal forvaltes av ei villreinnemnd. Villreinnemnda skal arbeide for en langsiktig bærekraftig forvaltning av villreinen og dens leveområder i samsvar med naturmangfoldloven og viltloven.

Det skal være ni villreinnemnder

...

xx) Villreinnemnda for xxxx.»

Norsk fjellsenter

Norsk fjellsenter i Lom er autorisert informasjonssenter for Jotunheimen, og er forvaltningsknutepunkt med kontor for ein av forvaltarane i Jotunheimen og i Reinheimen.

Utladalen Naturhus

Utladalen Naturhus ligg like innanfor grensa til Utaldalen landskapsvernområde i Utladalen. Utladalen Naturhus er ein døropnar til natur- og kulturhistoria i Vest-Jotunheimen og Utladalen. Naturhuset byr på både informasjon, utstilling og servering. Naturhuset organiserer skjøtselsarbeidet i heimre Utladalen. Gjennom dette arbeidet ynskjer ein at kulturlandskapet skal stå fram slik det var den gong det var aktiv gardsdrift i dalen.

Breheimen nasjonalparkstyre

Sekretariatet for Breheimen nasjonalparkstyre har ansvaret for tilgrensande verneområde i vest

Langsua nasjonalparkstyre

Sekretariatet for Langsua nasjonalparkstyre har ansvaret for tilgrensande verneområde i sør

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ansvar for europa- og riksvegnettet. Her ligg også ansvar for avkøyringar og rasteplassar. Etaten er også sekretariat for Nasjonale Turistveger, med Fv. 55 Sognefjellet og Fv. 51 Valdresflye som to av dei utvalde strekningane.

Historisk vandrerute

Historiske vandreruter er eit samarbeid mellom DNT og Riksantikvaren for å løfte fram gamle ferdselsvegar, og har til nå 13 historiske ruter. Ei av desse omfattar Gjende- og Bygdinområdet, med turisthyttene Torfinnsbu, Fondsbu, Gjendebu, Memurubu og Gjendesheim.

Enkeltpersonar

Det kan vera aktuelt å knyte kontakt med enkeltpersonar med særleg kunnskap om og erfaring med bruken av verneområda.

5. Organisering av planarbeidet

5.1 Prosjektleiing

Sekretariatet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde har prosjektleiinga og ansvar for:

- Planframstilling og framdrift i samsvar med prosjektplan
- Økonomistyring
- Gjennomføre møte og dialog med ulike aktørar
- Ha kontakt med kommunane
- Rapportere til styringsgruppa (nasjonalparkstyret)
- Utarbeide høyringsdokumenta (1 forvaltningsplan for kvart verneområde, 1 besøksstrategi)
- Leggje høyringsdokumenta fram for Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang
- Gjennomføre høyringsprosess
- Sluttbehandling og godkjenning i dialog med Miljødirektoratet

5.2 Involvering

I tråd med forvaltningslova, naturmangfaldlova og god forvaltningsskikk er det viktig å legge opp til brei involvering i planarbeidet, og gjennomføre ein open planprosess.

Sekretariatet vil bruke Rådgevande utval og Administrativt kontaktutval som referansegrupper.

Det har vore opne møte i kommunane i samband med innspelfase i 2015. Forvaltarane stiller gjerne opp og gjev informasjon i kommunestyre eller andre møte i kommunane.

Etter innspelrunden vil ein ta stilling til korleis ein vil leggje opp møteverksemda i samband med kunnskapsinnhenting og høyringa av utkast til forvaltningsplanane.

Vidare vil sekretariatet legge opp til eigne temamøte etter behov. Aktuelle kontaktar:

- Statsforvaltaren i Innlandet?
- Kulturarveininga/kulturminnemyndigheita i fylkeskommunane
- Villreinnemnda for Vest-Jotunheimen
- Villreinutvalet for Vest-Jotunheimen
- DNT Oslo og Omegn
- Forum for natur og friluftsliv – Innlandet og Vestland
- Destinasjonsselskapa
- Reiselivsbedrifter i og i randsonene til verneområda
- Aktivitetsfirma
- Andre aktuelle aktørar, f.eks enkelte fjellstyre, grunneigarlag, velforeningar, interesseorganisasjonar eller næringsdrivande.

Nasjonalparkstyret sin heimeside vil bli brukt aktivt for å dele informasjon, www.Nasjonalparkstyret.no.

5.3 Prosjektorganisering

Prosjektet vil bli organisert med nasjonalparkstyret som styringsgruppe. Sekretariatet har prosjektleiinga. SNO Jotunheimen vil vera tett involvert som fagleg ressurs i arbeidet. Prosjektorganiseringa er ellers vist i tabell 7.

Tabell 7. Prosjektorganisering.

| Funksjon | Aktør |
|---|--|
| Styringsgruppe | Nasjonalparkstyret |
| Prosjektleiing | Sekretariatet for nasjonalparkstyret |
| SNO Jotunheimen | Fagleg ressurs for prosjektleiinga |
| Referansegrupper og møte | |
| <ul style="list-style-type: none"> • Administrativt kontaktutval | Fagleg ressurs |
| <ul style="list-style-type: none"> • Rådgjevande utval | Brukarinteresser, lokalkunnskap |
| <ul style="list-style-type: none"> • Opne møte | I den enkelte kommune, alt. felles for fleire kommunar, etter vurdering av behov. Særleg aktuelt i samband med høyring |
| <ul style="list-style-type: none"> • Temamøte, etter behov | Sjå oversikt over aktørar. Konkretisering av møteverksemd blir gjort etter innspelrunden og i samband med godkjenning av prosjektplanen |

6. Tidsplan

Tidsplan for prosjektet er vist i tabell 8.

Tabell 8. Tidsplan for arbeidet med revidering av forvaltningsplanen.

| Aktivitet | Tider | Merknad |
|---|---------------------------------------|-------------|
| Brukarundersøking, gjennomført | | Utført 2019 |
| Nasjonalparkstyret, behandling av prosjektplan for planarbeidet | Juni 2021 | |
| Fornya oppstartmelding, | Juni 2021 | |
| Gjennomgang av fagsystem / «Forvaltningsplan på nett» m.m. | Juni-august 2021 | |
| Administrativt kontaktutval - Presentasjon av prosjektplan | Juni 2021 | |
| Høyring av prosjektplan | Juni-10.sept. | |
| Rådgevinge utval – innspel og orientering | 16. september | |
| Nasjonalparkstyret gjennomgang av innspel | 16./17. sept. | |
| Møte med ulike aktører | Haust 2021, Vinteren 2021/2022? | |
| Møte med kommunar | Ved behov | |
| Nasjonalparkstyret – gjennomgang av innspel | | |
| Godkjenning prosjektplan | 13. nov. | |
| | | |
| | | |
| Planarbeid – «Forvaltningsplan på nett» | 2021-2022 | |
| Møter med aktører | | |
| Møte med kommunar | | |
| Høyring og sluttbehandling | Hausten 2022 | |
| Godkjenning av plan | 2023 | |

7. Økonomi

I bestillingsdialogen med Miljødirektoratet er det tildelt 100.000 kr til arbeid med forvaltningsplan og besøksstrategi i 2021.

Det kan vera aktuelt å søke om midlar for fullføring av planprosessen i 2022.

| | | | | | |
|------------------|-------------|----------------|------------|-------|------------|
| Arkivsaksnummer: | 2021/5210-2 | Saksbehandlar: | Kari Sveen | Dato: | 14.05.2021 |
|------------------|-------------|----------------|------------|-------|------------|

| | | |
|---|------------------|-----------------|
| Utval | Utvalssak | Møtedato |
| Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen | 28/2021 | 07.06.2021 |

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

Utvalet av *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* innan gamle Oppland fylke inkluderer tre landskap i randsonen til Jotunheimen: Bøverdalen, Tesse/Smådalen og Gjende/Sjodalen. Bevaring av desse landskapa gjev både lokalsamfunna og dei tilreisande ein ekstra verdi. Ved å skjerme desse mot dominerande utbygging og ta vare på særlege landskapsverdiar gjennom aktiv skjøtsel, vil ein også i framtida kunne sjå samhengane mellom gardsdrifta og setringa i dalføra rundt nasjonalparken og bruken av fjellområda med sine beiteressursar og andre ressursar for hausting gjennom fiske, jakt og fangst.

Nasjonalparkstyret stiller seg positivt til at tilrådingane i kulturlandskapsrapporten kan inngå som føringar i arealplanane i dei to kommunane Lom og Vågå, men bruken av randsonene til verneområda ligg under kommunane sitt ansvar og myndigheitsområde. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka vil kunne krevje tilgang på ekstra ressursar, og det er derfor viktig at dei utvalde landskapa blir fylgde opp med nødvendige ressursar til kommunane og til brukarane av dei verdfulle landbruks- og kulturlandskapsområda.

Landskapet *Gjende og Sjodalen* i Vågå omfattar også areal innan Jotunheimen nasjonalpark, i området rundt Gjende, Bessvatnet og Russdalen. Foreslåtte tiltak kan støtte opp om verneverdiane, og er ikkje i konflikt med verneforskrifta. Nasjonalparkstyret har i fleire år prioritert bruk av tiltaksmidlar til aktiv skjøtsel av kulturlandskapet rundt Gjendebu i vestre delen av Gjende, og vil understreke at det må vera ressursar til slik oppfølging også i framtida, dersom tilrådingane i rapporten skal kunne følgjast opp.

I den pågåande revisjonen av forvaltningsplan for Jotunheimen vil kulturminne og kulturlandskap vera blant dei sentrale tema for å følgje opp delmål i formålsparagrafen.

Historisk vandrerrute gjennom Jotunheimen er eit viktig element i kunnskapsformidlinga retta mot besøkande, og innhaldet i vandrerruta bør vidareutviklast og tilretteleggast i samarbeid med både fagmiljø og reiselivs- og friluftsansjasjonar. Utviklinga må skje på ein måte som også tek vare på verneverdiane, og ein føreset god involvering av nasjonalparkstyret, som vil gje føringar for organiserte ferdselsopplegg gjennom besøksstrategien som er til revisjon.

Vi saknar elles eit generelt fokus på informasjon/formidling av dei kulturhistoriske landskapa.

--- slutt på innstilling ---


Dokument i saka

- Høyringsbrev av 04.05.2021 frå Riksantikvaren - *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Oppland – høyring*

Plandokumenta kan lesast her: <https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/handle/11250/2753317>

Saksopplysninger

Riksantikvaren har sendt forslag om at 18 landskap i Oppland skal inngå i registeret Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Oppland og Hedmark, som frå 01.01.2020 gjekk saman i nye Innlandet fylkeskommune, har arbeidd med prosjektet kvar for seg. Dei 18 landskapa i KULA-Oppland er vist på oversiktskart i rapporten:



Blant dei foreslåtte landskapa ligg nr. 6, 7 og 9 i randsonen til Jotunheimen. Rapporten gjev slike avgrensingar og tilrådingar for desse tre landskapa i Lom og Vågå kommunar:

6. Bøverdalen

NASJONAL INTERESSE

Området er viktig både som sentral jordbruksdal i Nord-Gudbrandsdalen og som innfallsport til fjellheimen. Intakte bygningsmiljø og andre kulturminne fortel historia om busetjing og ressursutnytting i eit marginalt, tørt og rasutsett område. Vatningsvegane er typiske for regionen og viktige i nasjonal samanheng.

Både sjølve dalføret og fjellområda er særst rike på vegfar og andre ferdseminne, ikkje minst knytte til det viktige sambandet over Sognefjellet mellom Nord-Gudbrandsdalen og fjordane i Sogn. Området er eit av kjerneområda for den tidlege fjellturismen i Noreg.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- Framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande for å halde ved like kvalitetane i landskapet.
- Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- Nye driftsbygningar bør plasserast og utformast på ein måte som tek mest mogleg omsyn til eksisterande landskap og kulturmiljø – særleg ved freda og verneverdige gardstun som ligg godt synlege i landskapet.
- Byggje- og vedlikehaldsplanar for bygningsarven bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg.
- Ferdseminne bør registrerast, og eit representativt utval bør bevarast for ettertida.
- Det bør setjast i verk tiltak mot attgroing av vatningsvegane. Kommune og kulturminnestyresmakt bør sikre kompetanse slik at dei som ønskjer det, kan få rådgiving ved restaurering.
- Det går føre seg fleire parallelle arbeid med registrering og kartfesting av seterbusetnad, vegfar og vassveiter i området, mellom anna i samband med kulturminneplanen til kommunen. Kunnskap frå dette arbeidet dannar eit viktig grunnlag for vidare forvaltning av området.

7. Tesse og Smådalen

NASJONAL INTERESSE

Landskapet fortel ei historie om ekstensiv utnytting av utmarksressursar nær bygda over svært lang tid. Området står i ei særstilling særleg på to område: Undersøkingane av Tesse som fiskevatn har gitt ny kunnskap om innlandsfiske som ein viktig ressurs også i forhistoria, kanskje så langt tilbake som til yngre steinalder. Kunnskap om at folk sette ut fisk så langt tilbake i tid, gir oss innblikk i ei langsiktig planlegging av bruken av landskapet. Dei brearkeologiske funna på Kvitingskjølen er oppsiktsvekkjande både i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er ikkje langt frå Tesse til funnstaden på Kvitingskjølen, og det set funna inn i ein viktig kulturhistorisk kontekst. Funna av moglege samiske kulturminne bidreg ytterlegare til verdien av området.

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- Funnstadene der gammal is smeltar, må følgjast opp.
- Framleis slått og beite i seterområda er viktig for å halde oppe kvalitetane i landskapet.
- Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- Element som underbygger karakteren i det historiske landskapet, bør takast vare på, slik som vegfar, tufter og fangstanlegg.

9. Gjende og Sjodalen

Landskapet er foreslått avgrensa slik at også område verna etter naturmangfaldlova inngår. Dette gjeld områda rundt Bessvatnet, Russvatnet og Gjende i Jotunheimen nasjonalpark, og fleire av dei mindre verneområda i Sjodalen.



NASJONAL INTERESSE

Landskapet har ein unik posisjon i det nasjonale medvitet, der Gjende som del av Jotunheimen og Sjudalen er innfallsport og «forgard» til Jotunheimen. Den tidlege fjellturismen i Noreg starta i Jotunheimen, og dei vakre omgivnadene gjorde det spesielt attraktivt å kome hit. Området fortel historia om korleis nordmenn begynte å bruke fjellet og utmarksressursane på nye måtar frå midten av 1800-talet, frå jakt, fangst og setring til fotturisme og rekreasjon, som gav nye næringar til bygdefolket. Gjennom Henrik Ibsens skodespel Peer Gynt har fjellområdet vorte eit nasjonalt ikon. Sjudalen og Griningsdalen er dessutan eit kjerneområde for vintersetring i Noreg.

SÅRBARHEIT OG RÅD FOR FORVALTNING

- - - Auka turisme kan føre til slitasje og skade på kulturminna. Besøksstrategien for nasjonalparken legg viktige føringar for vidare utvikling og for korleis ein kan styre trafikk slik at ein tek vare på sårbare kulturminneverdiar. - - -

Området blir trua av attgroing på grunn av mindre beiting. Dei godt bevarte seterbygningane kan, gjennom ei endring av bruken frå setring til fritidsformål, vere sårbare for endringar av særleg selshuset. Uthus som ikkje lenger er i bruk, kan over tid forfalle som følgje av manglande vedlikehald. - - -

Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet:

- Den kulturhistorisk verdifulle busetnaden bør bevarast, og det særprega miljøet i området bør sikrast.
- Slitasje og skade på kulturminne bør unngåast gjennom tett samarbeid med reiselivsaktørar. Tilretteleggingstiltak med tilhøyrande skjøtselsavtalar bør planleggjast for fleire kulturminne som toler tilrettelegging.
- Ei vidare utbygging i Sjudalen bør gå føre seg på ein slik måte at ein tek vare på landskapskvalitetane i området. Det er viktig at historia om jakt, fangst, setring og tidleg turisme framleis er lesbar.
- Enkelte heilskaplege og godt bevarte setrar der den unike vintersetringa framleis er lesbar, er viktige kulturminne. Det er særleg viktig å ta vare på setrar, kvilesetrar, fiskebuer og jaktbuer som tilhøyrer freda eller verneverdige gardar i bygda. Det bør avklarast om det finst fleire bevarte element som fortel om framveksten av turismen på slutten av 1800-talet.
- Byggje- og vedlikehaldsplanar bør ta høgde for endra klima, slik at kulturminna blir sikra best mogleg

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020. Styret kan gje uttalar til saker som angår verneområda direkte eller indirekte.

Verneformål – forskrift

Formålsparagrafen § 1 Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14, har kulturminne og landskap blant dei opplista formåla med vernet:

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi

- Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg
- Vakre og eigenarta landskap
- Fjellvatn og vassdragsnatur
- Særprege geologiske førekomstar
- Leveområde for villreinen
- Kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument.

Utdrag av kap. 7.2 med omtale av kulturminne:

«7. 2. KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP

Nasjonalparker er oppretta og avgrensa ut frå eit hovudformål om å ta vare på naturmiljøet. Men naturvernlova (§ 3) slår fast at i nasjonalparker (skal) «landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminne skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensing og andre inngrep» Sikring av kulturminne er dermed eit vesentleg motiv for oppretting av nasjonalparker, og vil vere ein viktig premis for forvaltninga. Gjennom kulturminnelova er alle kulturminne eldre enn år 1537 automatisk freda (for samiske kulturminne er grensa sett til 100 år).

Kulturminne er ein del av verneformålet både for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i framlegget til verneforskriftar.

Kulturminne kan grupperast slik:

- busetnadsspor: Stort spenn og store variasjonar
- næringsgrunnlag: Steinbrot, fangstanlegg, dyregraver, anlegg i samband med tradisjonell reindrift, og spor og anlegg etter skogsdrift og fløting frå tidlegare tider
- religiøse minne: Menneskegraver, magiske stader, sagnstader, offerplassar
- kommunikasjon/samferdsel: Gamle vegar, bruer (ofte stein), brygger, gamle sti-far

Stadforståing er tilnæringsmåten kulturminnestyremaktene tilrår i forvaltninga av kulturminne. Stadforståing inneber å prøve å sjå heilskapen og i kva for samanheng eit kulturminne finst.

Ut frå det faktum at det i nesten alle naturområde i Noreg finst spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet, er det naudsynt med ei medveten haldning til både automatisk freda kulturminne og til kulturminne frå nyare tid i nasjonalparkane. For nyare kulturminne vil ein til tider stå overfor spørsmålet om vern eller riving/fjerning.

Vern av kulturminne innafor nasjonalparker og landskapsvernområde inneber vern av heile kulturmiljøet kring desse, og vil vere verdfulle tilskot til det generelle kulturvernarbeidet. Kulturminne i naturvernområde står i ei særstilling i høve til kulturminne andre stader. Det kjem at av overalt elles møter vi kulturspor frå vår tid - det er ein overrepresentasjon av inngrep/spor av desse - og dei dominerer. I dag er heilskaplege intakte landskapsrom ein mangelvare, medan i naturvernområde vil nye inngrep kunne unngåast. Kulturminne i nasjonalparker vert dermed framtidens referanseområde sett t.d. i eit 200 års perspektiv. Dette må også få konsekvens for forvaltninga av kulturminne når det gjeld tilrettelegging, skilting, kartfesting m.m.. Det er i større grad utanfor enn innanfor verneområda det skal tilretteleggjast og informerast om kulturminne. I verneområda kan i staden kulturminna vere der, utan at dei blir fokusert på som stader alle skal vitje.

I verneområda er det fleire gamle fangstanlegg og jaktbuer. Hellarar, som i tillegg til jakt har vore brukt som ly mot uver, er det fleire av. Arbeidet med å setje i stand Stor-Hilleren i

Storutladalen, som er ein særmerkt hellar, vart fullført i 1997. Steinbua under toppen av Surtningssui (ca. 2200moh) er omsøkt restaurert av eigar. Tiltak som tek vare på kulturminna er oftast positive. Dersom det framleis hadde vore setring etter eldre driftsmåtar på dei gamle stølane ville dette på mange måtar ha gjort områda rikare på opplevingar. Moderne landbruksdrift kan medføre uheldige inngrep som til dømes vegbygging. Dersom slike og liknande inngrep er naudsynte for å gjennomføre skjøtsel, er attgroing og naturtilstanden å føretrekkje. Det kan vere aktuelt med bruk av enkel motorgåande reiskap, til dømes slåmaskin, i arbeidet med å halde kulturlandskapet ved like. Kva for reiskap som skal nyttast må vurderast heilskapleg i høve til m.a. nærleik til veg.

Det bør innførast rutinar for fortløpande registrering av kulturminne i feltarbeidet. Framleis er det kulturminne som ikkje er registrerte i verneområda. Det må samstundes lagast rutinar som hindrar at registreringane blir misbrukte, med påfølgjande uønskt press på kulturminna.

Gjennom vidare samarbeid og oppfølging bør ein koma fram til klare retningslinjer for handtering av kulturminne, særleg ustabile kulturminne, det vil seie kulturminne som er utsett for relativt rask endring og forfall. I nasjonalparken vil ein i større grad enn elles tillate at naturen går sin gang med omsyn til naturtilstanden. Attgroing av kulturminne vil ikkje alltid innebere forfall, men at kulturminna får eit vernande lag med vegetasjon over seg.

Naturlandskapet som er utan særlege spor etter folk er ikkje aktuelt for skjøtsel korkje i nasjonalparken eller landskapsvernområdet. Der naturen har utvikla seg utan menneskeleg påverknad bør dette halde fram.

Retningslinjer:

- Ta vare på verdfulle kulturminne og verdfullt kulturlandskap og bygningsmiljø i verneområda. Uheldige/skjemmande inngrep skal vurderast om dei skal reparerast eller om det beste er å la naturen gå sin gang.*
- All forvaltning av kulturminne skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen. - Skjøtsel av kulturlandskap skal skje i samarbeid med kommunane og landbruksavdelinga hos fylkesmannen.*

Tiltak:

- Utarbeide ein kulturminneplan for verneområda*
- Gjennomføre kontinuerlege registreringar av kulturminne i samarbeid med andre personar og institusjonar med koordinatfesting*
- Utvikle samarbeid med fylkeskonservatorane, forskingsmiljø, skular og lokalpersonar om arbeid som vedkjem kulturlandskap, bygningsmiljø og kulturminne.*
- Heve kompetansen m.o.t. kulturminne og kulturlandskap.*
- Ta del i sikring av kulturminne i samarbeid med andre, jf. lokalkunnskap.*

Vurdering

Kulturminne kom inn som ein del av verneformålet både for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde ved revisjon av verneforskriftene i 2014.

Det er knytt store kulturhistoriske verdiar til jordbrukslandskapa og utmarks-/fjellområda rundt verneområdet Jotunheimen NP. Nasjonalparkane med tilhøyrande verneområde blir forvalta av nasjonalparkstyre med lokal og regional representasjon, og auka lokal verdiskaping er eitt av delmåla i verneområdeforvaltninga. Eit mest mogleg intakt landskap som formidlar tidlegare tiders bruk, vil auke opplevingsverdien for tilreisande. Slike landskap, med busetnad og aktiv landsbruksdrift, kan likevel ikkje påleggast restriksjonar som hindrar økonomisk berekraftig drift. Kulturlandskapa som blir framheva i rapporten har vakse fram gjennom eit småskala landbruk med omfattande bruk av utmarksressurane. Det å oppretthalde slike landskap i framtida kan vera ei utfordring, sett opp mot andre rammevilkår som følgjer av nasjonale føringar som jordbruksavtalen og ulike krav til driftsbygningar m.v.

Bruken av randsonene til verneområda ligg under dei to kommunane Lom og Vågå sine

ansvarsområde, og tilrådingane om at områda bør visast i kommuneplanens arealdel som omsynssone c), med særleg omsyn til landskap, synest positivt, men vil vera ei sak for kommunane.

Landskapsområdet Sjødalen og Gjende går også inn i Jotunheimen nasjonalpark, og vidare vurdering vil konsentrere seg om dette området, som ligg under nasjonalparkstyret sitt myndigheitsområde, i tillegg til at kommunane og fylkeskommunen har ansvar for sine fag.

Verneforskrift og forvaltningsplan legg til grunn at ein skal ta vare på «*verdfulle kulturminne og verdfullt kulturlandskap og bygningsmiljø i verneområda*». Det blir understreka at «*All forvaltning av kulturminne skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen.*»

I forvaltningsplanutkastet frå 2008 er det foreslått ulike tiltak og retningslinjer knytt til kulturminne i verneområda. Føringane er i svært stor grad fylgd opp gjennom forvaltninga, men foreslått tiltak om å utarbeide ein kulturminneplan for verneområda er ikkje utført. Ein er også usikker på om ein slik plan høyrer inn under myndigheitsområdet for nasjonalparkstyret, men det vil likevel vera viktig å bidra til ei best mogleg oppfølging i samarbeid med fylkeskommunen, som ansvarleg kulturminnestyresmakt.

Det er lagt stor vekt på å leggje til rette for innhenting av kunnskap om kulturarven, og det er m.a. gjeve dispensasjonar til kulturarveininga i fylkeskommunen for å kartleggje og samle inn brearkeologiske funn for dokumentasjon og bevaring for ettertida. Ein har også hatt jamleg kontakt med fylkeskommunen i saker som gjeld nyare kulturminne. T.d. vart det i 2014 gjennomført synfaring saman med arkeolog og bygningsfagleg representant frå Oppland f.k. for å sjå på eit kulturminne i Memurudalen, som kan ha samanheng med setring i Memurubu. Synfaringa kom etter initiativ frå eigaren av Memurubu Turisthytte. Sjå foto under:



Forvaltningsplanen er under revisjon, og ein vil her innarbeide retningslinjer og vurdere tiltak for å ta vare på kulturminna i Jotunheimen. Ei systematisk samanstilling av dei kulturminna ein kjenner til kan vera eit første trinn for å byggje den kunnskapen som trengst for ei god forvaltning.

Nasjonalparkforvaltar i Lom har også tett samarbeid med Norsk fjellsenter når det gjeld formidling av kultur knytt til *Historisk vandrerute Jotunheimen*. Historiske vandreruter er eit samarbeid mellom DNT og Riksantikvaren for å løfte fram gamle ferdsselsvegar, og har til nå 13 historiske ruter. Ei av desse omfattar Gjende- og Bygdinområdet, med turisthyttene Torfinnsbu, Fondsbu, Gjendebu, Memurubu og Gjendesheim. Nye attraksjonar kan trekkje fleire besøkande til eit område, men opplevingsturisme som også legg vekt på kunnskapsformidling kan truleg bidra til betre ivaretaking av både natur- og kulturverdiar ved at gjestene får opplevingar som fremjar betre innsikt og forståing for verneverdiane.

Organiserte opplegg skal vurderast i forvaltningsplan og besløksstrategi, og det er viktig at nasjonalparkstyret blir godt involvert i prosessar med denne typen tilrettelegging.

Formidling av dei kulturhistoriske landskapa av nasjonal interesse må vektleggast, både frå nasjonal ståstad, men også regionalt/lokalt. Dette kan t.d. gjerast gjennom nettsider, via informasjonssenter og i lokale informasjonspunkt. Det med formidling/informasjon burde også vore nemnd som eigne punkt under tilrådingane som kjem under overskriftene «*Viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet*».

Eit viktig element i bevaring av kulturlandskap er å oppretthalde slått og beitebruk som hindrar gjengroing. Nasjonalparkforvaltninga og Statens naturoppsyn har hatt ei aktiv rolle her gjennom fleire år, og det blir årleg nytta skjøtselsressursar for å oppretthalde beitebruk og slått for bevaring av artsmangfaldet i kulturmarka rundt den tidlegare setra i Gjendebu. Her er det også nært samarbeid med Lom fjellstyre, Storådalen beitelag og verten på turisthytta. Skjøtselstiltaka byggjer på skjøtselsplan frå 2001 og ein evalueringsrapport frå Miljøfaglig Utredning i 2012, med faglege tilrådingar.

Det vil truleg vera vanskeleg å oppretthalde verdiane i desse kulturlandskapa dersom det ikkje blir sett av ressursar til aktiv skjøtsel og oppfølging. Dette gjeld både i og utanom verneområda.

Nasjonalparkstyret har støtta tiltak for å betre forholda for beitebruk i Russdalen, med dispensasjon for bygging av gjetarbu og støtte til ei ny bru som opnar for betre utnytting av beiteressursane i vestre del av dalen. Sjølv om dette har medført mindre tekniske inngrep i verneområdet, har ein sett det som ei samla sett god løysing for å oppretthalde beitebruken.

I forvaltninga er det viktig å sjå samanhengane mellom det som skjer innan og utanfor verneområda, og mindre tiltak for å betre utnyttinga av utmarksressursane kan vera den vesle brikka som trengst for å motivere komande generasjonar for å bu og drive gardane. Ei aktiv landsbruksdrift med vidareføring av bruksformer som spelar på lag med naturen er sjølve føresetnaden for å oppretthalde dei nasjonalt verneverdige kulturlandskapa.

ST 29/2021 Eventuelt